

---

## Innkalling til møte i utvalg for undervisning og internasjonalisering (UUI)

Tid: 28.11.2016, kl. 13.15-15.00

Sted: rom 435, HF-bygget

Til: Pär Sandin (undervisningsleder), Anders Kristian Strand, Rolf Beev, Øivin Andersen, Ivar Utne, Christine Hamm, Knut Ove Arntzen, Matti Wiik, Bente Kiilerich, Else Berit Molde, Aleksander Morland (sekretær), Eleni Kontodima (studentrepresentant), Målfrid Bårdsnes (studentrepresentant).

Kopi: Johan Myking, Siri Fredrikson, Instituttutvalget, studieadministrasjonen.

### Saksliste

UUI-sak 37/16: Godkjenning av innkalling og saksliste .....	1
UUI-sak 38/16: Orienteringssaker .....	1
O-sak 1: Referat fra UUI-møte 24. 10.16.....	1
 VEDTAKSSAKER: .....	3
UUI-sak 39/16: Endringer i emneplan for BAHF-KUN.....	3
UUI-sak 40/16: Endringer i emneplan for BAHF-DIKULT .....	6
UUI-sak 41/16: Møtedatoer for UUI våren 2017 .....	11
 DISKUSJONSSAKER: .....	11
UUI-sak 42/16: Eventuelt .....	11

#### **UUI-sak 37/16: Godkjenning av innkalling og saksliste**

#### **UUI-sak 38/16: Orienteringssaker**

#### **O-sak 1: Referat fra UUI-møte 24. 10.16**

Vedlegg: Referat fra møte i Utvalg for undervisning og internasjonalisering  
24.10.16

Referat fra møte i utvalg for undervisning og internasjonalisering (UUI)

Tilstede: Pär Sandin (undervisningsleder), Anders Kristian Strand, Rolf Beev, Øivin Andersen, Ivar Utne, Christine Hamm, Knut Ove Arntzen, Matti Wiik, Per Olav Folgerø, Else Berit Molde, Aleksander Morland (sekretær), Eleni Kontodima (studentrepresentant), Målfrid Bårdnes (studentrepresentant).

**UUI-sak 31/16: Godkjenning av innkalling og saksliste**

Innkalling og saksliste ble godkjent uten merknader.

**UUI-sak 32/16: Orienteringssaker**

**O-sak 1: Referat fra UUI-møte 29. 08.16**

Referat fra møtet 29. august ble godkjent uten merknader.

**O-sak 2: Studiebarometeret**

UUI ble orientert om Studiebarometeret, og det ble anbefalt at undervisere minner studentene om undersøkelsen og oppfordrer dem til å svare.

**O-sak 3: Orientering om eksamensrutiner**

Studieleder minner om at det i henhold til UIBs studieforskrift skal være to sensorer ved muntlig vurdering, der én skal være ekstern, og at eksamenssted for kandidaten er ved UIB, med mindre noe annet er omsøkt og innvilget.

Det ble kommentert fra flere at det har vært problemer med gjennomføring av muntlig eksamen med ekstern sensor ved hjelp av videokonferanse. Studentene bør gjøres oppmerksom på at videokonferanse kan bli brukt. Det vil gjennomføres en spørreundersøkelse blant studenter, ansatte og eksterne om erfaring med bruk av videokonferanse, men det understrekkes at det er denne løsningen det må satses på.

Det ble påpekt at MittUIB og Insepra bør integreres.

**O-sak 4: Studiekvalitetsseminar 14. desember**

UUI tar saken til orientering.

**O-sak 5: Emneevaluering**

UUI tar saken til orientering.

**O-sak 6: Studentrepresentanter i programstyrene**

UUI tar saken til orientering.

**DISKUSJONSSAKER:**

**UUI-sak 33/16: Bruk av øremerkede midler**

I fordelingen av øremerkede omstillingssmidler for 2016 ble det holdt av midler til et felles arrangement knyttet til HF2018 og til et felles arbeid for oversetting av emneplaner, til sammen 75.000. Det kom ikke frem forslag til bruk eller omfordeling av midlene, og de går derfor tilbake til fakultetet til eventuell ny fordeling i 2017.

**UUI-sak 34/16: Orientering om status for HF2018**

Instituttleder orienterer om status for HF2018. Instituttleder har deltatt i styringsgruppen siden 13. mai. Forslag til ny studieprogramportefølje, med grunnlag i styringsgruppens arbeid, har blitt sendt enhetene på høring. Det foreligger også en fra prosjektgruppen. Begge dokumentene er sendt ut til fagmiljøene. Frist for høringssvar er 24. november. Dette anses som en sak for instituttrådet, og behandles i møtet 22. november. Intern frist for høringssvar blir settes til 14. november.

Instituttleder ønsker svar på høringen fra hvert fagmiljø. Norskursene kan, hvis de ønsker, levere eget svar. Studentene leverer svar gjennom HSU.

**UUI-sak 36/16: Eventuelt**

- UUI etterlyser en evaluering av Litteraturkiosken. Det har vært problemer med at kompendiene ikke produseres i tide.
- UUI etterlyser systematisk og strategisk internasjonaliseringsarbeid ved instituttet.

31.10.2016

Pär Sandin  
undervisningsleder

Aleksander Morland  
studieleder

## **VEDTAKSSAKER:**

### **UUI-sak 39/16: Endringer i emneplan for BAHF-KUN**

Vedlegg: Emneplan for KUN134

Oppsummering av endringer vedtatt i programstyret for kunsthistorie: Obligatorisk undervisningsaktivitet fjernes fra emnet.

**Forslag til vedtak:**

UUI vedtar endringen i emneplanen for KUN134, gjeldende fra høsten 2017.

Vedlegg: Emneplan for KUN134

<b>Emnekode</b>	KUN134
<b>Namn på emnet, nynorsk</b>	Moderne kunst, arkitektur og visell kultur
<b>Namn på emnet, bokmål</b>	Moderne kunst, arkitektur og visuell kultur
<b>Namn på emnet, engelsk</b>	Modern art, architecture and visual culture
<b>Studiepoeng, omfang</b>	15
<b>Studienivå (studiesyklus)</b>	Bachelor
<b>Fulltid/deltid</b>	
<b>Undervisningsspråk</b>	Norsk
<b>Undervisningssemester</b>	Haust
<b>Undervisningsstad</b>	Bergen
<b>Mål og innhold</b>	Emnet skal gi ei oversikt, og samstundes utvikle evna til å sjå verka både som historiske dokument og estetiske objekt. Emnet tar opp spørsmål knytt til tolking, historisk kontekst og kunsten og arkitekturen si performative rolle, korleis han blir nytta med bestemte politiske og

	<p>retoriske siktemål.</p> <p>Emnet presenterer og drøftar ulike tema ved norsk og internasjonal kunst, arkitektur og visuell kultur frå midten av 1800-talet og fram til vår eiga tid. Studiefeltet er avgrensa geografisk til Europa og grenseområda mot aust, dessutan Nord-Amerika. Avant-garde praksisane tidleg på 1900-talet står sentralt i biletkunsten, likeeins den amerikanske seinmodernismen og den store spennvidda i den multimediale og sjangeroverskridande etterkrigs- og samtidskunsten. Emnet legg òg særleg vekt på dei endringane som ny vitskap, teknologi og mekanisering førte med seg - inkludert introduksjonen av fotografiet. Vidare vil vi tematisere kunsten si rolle i høve til politiske prosessar, som til dømes nasjonsbygging og kolonisering. Emnet skal gi grunnleggjande breiddekunnskap og overblikk, men val av tematisk tyngdepunkt kan variera frå semester til semester. Som ein del av emnet gir vi også ei generell innføring i arkitektur- og biletanalyse.</p>						
<b>Læringsutbyte</b>	<p>Studenten skal ved avslutta emne ha følgjande læringsutbyte definert i kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse:</p> <table border="1"> <thead> <tr> <th>Kunnskapar</th><th>Ferdigheiter</th><th>Generell kompetanse</th></tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Studenten har <ul style="list-style-type: none"> <li>• kunnskap om sentrale utviklingstrekk innan biletkunst, arkitektur og visuell kultur i perioden frå 1850 til i dag.</li> </ul> </td><td>Studenten kan <ul style="list-style-type: none"> <li>• analysere, tolke og drøfte ulike verk i ein kunsthistorisk kontekst</li> <li>• syne kva geografisk tilhøyring, datering og attribuering ulike kunstverk fra perioden har.</li> </ul> </td><td>Studenten kan <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tolke bilete og analysere arkitektur</li> <li>• skildre, kontekstualisere og reflektere kritisk kring ulike fenomen innan kunst og/eller arkitektur frå 1850 til i dag.</li> <li>• Kjenne att karakteristiske trekk, og kan formulere ei grunngjeving og argumentasjon for desse.</li> </ul> </td></tr> </tbody> </table>	Kunnskapar	Ferdigheiter	Generell kompetanse	Studenten har <ul style="list-style-type: none"> <li>• kunnskap om sentrale utviklingstrekk innan biletkunst, arkitektur og visuell kultur i perioden frå 1850 til i dag.</li> </ul>	Studenten kan <ul style="list-style-type: none"> <li>• analysere, tolke og drøfte ulike verk i ein kunsthistorisk kontekst</li> <li>• syne kva geografisk tilhøyring, datering og attribuering ulike kunstverk fra perioden har.</li> </ul>	Studenten kan <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tolke bilete og analysere arkitektur</li> <li>• skildre, kontekstualisere og reflektere kritisk kring ulike fenomen innan kunst og/eller arkitektur frå 1850 til i dag.</li> <li>• Kjenne att karakteristiske trekk, og kan formulere ei grunngjeving og argumentasjon for desse.</li> </ul>
Kunnskapar	Ferdigheiter	Generell kompetanse					
Studenten har <ul style="list-style-type: none"> <li>• kunnskap om sentrale utviklingstrekk innan biletkunst, arkitektur og visuell kultur i perioden frå 1850 til i dag.</li> </ul>	Studenten kan <ul style="list-style-type: none"> <li>• analysere, tolke og drøfte ulike verk i ein kunsthistorisk kontekst</li> <li>• syne kva geografisk tilhøyring, datering og attribuering ulike kunstverk fra perioden har.</li> </ul>	Studenten kan <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tolke bilete og analysere arkitektur</li> <li>• skildre, kontekstualisere og reflektere kritisk kring ulike fenomen innan kunst og/eller arkitektur frå 1850 til i dag.</li> <li>• Kjenne att karakteristiske trekk, og kan formulere ei grunngjeving og argumentasjon for desse.</li> </ul>					
<b>Krav til forkunnskapar</b>	Ingen						
<b>Tilrådde forkunnskapar</b>	Kunsthistorieemna KUN131 og KUN132 vil vere ein føremon						
<b>Studiepoengsreduksjon</b>	15 stp med KUN123 og KUN124, KUN103 og KUN104						
<b>Er emnet ope eller er det reservert for studentar på bestemte program</b>	Emnet er ope for alle med studierett ved Universitetet i Bergen						

<b>Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning</b>	Undervisninga blir gitt som førelesingar, normalt 12-14 dobbelttimar. Førelesingsrekka startar med ei innføring i bruk av digitalt verktøy for bilet- og arkitekturanalyse.  Dersom det er ressursar til det, vert det organisert gruppeundervisning  Om det melder seg færre enn fem studentar til eit emne, kan instituttet innføre redusert undervisning, jamfør instituttets retningslinjer for dette på Mitt UiB. På emne der dette kan vere aktuelt, vil studentane få informasjon om det ved semesterstart, og før fristen for semesterregistrering 1. februar / 1. september.
<b>Obligatorisk undervisningsaktivitet</b>	<del>Kortoppgave i midten av semesteret som blir vurdert som godkjend/ikkje godkjend. Kortoppgåva må være godkjend før studenten kan gå opp til eksamen</del>  <b>Ingen</b>
<b>Vurderingsformer</b>	7 dagars heimeksamen
<b>Hjelphemiddel til eksamen</b>	Alle kjelder
<b>Karakterskala</b>	A-F,
<b>Vurderingssemester</b>	Haust/vår
<b>Læremiddelomtale</b>	Litteraturlister finn du på uib.no under det einskilde emnet. Ei pensumliste på om lag 1000 tekstsider vil vere klar innan 01.06. for haustsemesteret og 01.11. for vårsemesteret
<b>Emneevaluering</b>	Evaluering av undervisningstilbodet blir gjennomført i tråd med UiBs kvalitetssikringssystem
<b>Programansvarleg</b>	Programstyret har ansvar for fagleg innhold og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet og alle emna der.
<b>Emneansvarleg</b>	
<b>Administrativt ansvarleg</b>	Det humanistiske fakultetet v/ Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet.
<b>Kontaktinformasjon</b>	Studierettleiar kan kontaktast her: <a href="mailto:Studierettleiar@lle.uib.no">Studierettleiar@lle.uib.no</a> Tlf 55 58 24 00

## **UUI-sak 40/16: Endringer i emneplan for BAHF-DIKULT**

Vedlegg: Emneplan for DIKULT105

Oppsummering av endringer vedtatt i programstyret for kunsthistorie: Obligatorisk undervisningsaktivitet fjernes fra emnet.

**Forslag til vedtak:**

UUI vedtar endringen i emneplanen for DIKULT105, gjeldende fra høsten 2017.

Vedlegg: Emneplan for DIKULT105

Emnkode	DIKULT105
Emnenamn, nynorsk	Webdesign I
Emnenamn, engelsk	Web Design I
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Haust
Undervisningsspråk	Engelsk, norsk ved behov
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med studierett ved Universitetet i Bergen.
Mål og innhold	<p>Emnet dannar grunnlaget for forståinga av den kodings- og formidlingsmessige delen av Digital kultur. Det tar opp att noko av kunnskapen og ferdighetene tileigna i Dikult101 og Dikult104, og bør takast etter desse.</p> <p>Emnet handlar om å ta dei gode og rette vala når informasjon og innhold skal tilretteleggjast for ulike brukargrupper på web. Vi legg vekt på beste praksis (god skikk) i alle aspekta i emnet: akademisk analyse, praktisk estetikk og praktisk koding. Undervisninga, aktivitetane og eksamsensdelane vil kombinere desse aspekta, og støtte opp under hovudmålet å forstå korleis informasjon kan og bør ha ulike representasjonar på web.</p> <p>Det analytiske aspektet inneber at studentane trener på den eine sida skarp observasjon av informasjonsarkitektoniske, designmessige og kodingsmessige grep i eigne, medstudentar sine og andre, offentlege nettstader; på den andre sida trener dei på å uttale seg om desse innanfor den akademiske sjangeren i feltet (skriftlege analysar med formelle krav til argumentasjon, sitering, illustrering etc.).</p>

	<p>Det estetiske aspektet inneber at studentane trener på å forstå og nytte konvensjonar både i tradisjonell og i web-spesifisk design for å lage tenlege, tiltalande nettstader og fremkalle stemningar.</p> <p>Det kodingsmessige aspektet inneber at studentane trener på å førebu tekstar til vising på nett slik at han kan bli korrekt lesen av maskiner og nettlesarar (semantisk koding), og å skilje innhald frå presentasjon (CSS).</p> <p>Alle desse aspekta vert brukte i dei tematiske einingane skriving for web (korleis ein nyttar hypertext og andre konvensjonar), informasjonsarkitektur (korleis ein kategoriserer innhald og skil mellom mentale modellar og ulike former for navigering), usability og brukartesting (korleis ein gjer webbruken effektiv), accessibility (korleis ein legg tilrette for at t.d. blinde kan lese informasjonen), responsivitet (korleis ein gjer ein nettstad fleksibel til å kunne brukast på fleire einingar samstundes).</p> <p>Studentane får rikeleg høve til å bidra med nettstader og ressursar dei finn sjølve for å gi døme på god og dårleg skikk innan desse aspekta.</p> <p>Nettstadene som vert produserte gjennom semesteret er statiske. Det er ikkje høve til å nytte serverside scripting eller database.</p> <p>Emnet leiar over til Dikult205, kor kunnskapen og ferdighetene vert utvida med forståing og bruk av programmerte, genererte nettstader og databaser og bruk av multimodalitet og retorikk.</p>
Læringsutbytte/resultat	<p><b>Kunnskapar</b>  <i>Kandidaten har kunnskapar....</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• om bakgrunnskoding av moderne nettsteder med HTML og CSS</li> <li>• om beste praksis i oppmerking av tekst og anna innhald</li> <li>• om organisasjonsstruktur på ulike nivåer i web design</li> <li>• om teoriar og konvensjonar i web design, t.d. rundt balanse, fargar, linjer</li> <li>• om kjende webdesignarar</li> <li>• om ulike måtar til å best formidle eitt gitt innhald tilpassa ulike brukargrupper</li> </ul> <p><b>Ferdigheiter</b>  <i>Kandidaten kan...</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• skrive både HTML og CSS for å presentere både gitt og sjølvlagda innhald (tekst, bilete og andre medium)</li> <li>• bruke teoriar og konvensjonar til å skape design</li> <li>• kode nettsteder for ulike brukargrupper</li> <li>• analysere design-grep og sjangertilhørigkeit i moderne nettsteder</li> <li>• skrive ein rapport rundt praktisk arbeid med ein nettstad med</li> </ul>

	<p>grunngjeving av vala som er gjort</p> <p><b>Generell kompetanse</b></p> <p><i>Kandidaten kan...</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• organisere gruppearbeid og forhandle om oppgåver og strategiar for å produsere eit best mogleg felles resultat</li> <li>• sjå kritisk på eige og andre sitt arbeid</li> <li>• presentere og forsvere eige arbeid for ei større gruppe under tidspress</li> </ul>
Krav til forkunnskapar	Ingen
Tilrådde forkunnskapar	DIKULT101, Dikult104
Undervisning og omfang	<p>Det er fjorten veker med undervisning og ei forelesingsfri studieveke. Det er to aktivitetar i veka: ei forelesing på to timer, og ei praktisk øvingsøkt med assistent på tre timer. Nokre av forelesningane kan verte utvida i tid. Forelesingsplanen er klar og nedlastbar på Mitt UiB ved semesterstart.</p> <p>Det er viktig at studentane møter til orienteringsmøtet i veke 33 før undervisninga tek til.</p> <p>Kurset har ei bratt læringskurve. Det er spesielt viktig at studentane møter førebudd frå og med første førelesing og frå og med første labtime. Dette inkluderer å følgje instruksane på Mitt UiB før undervisninga tek til.</p> <p>Studentane må vere førebuschte til både forelesningane og øvingane, avdi forelesingane alltid inkluderer studentane og det alltid vert diskusjonar rundt forelesingsemna. Nokre gongar vert det gitt leksar (løyse ei mindre kodingsoppgåve, finne aktuelle døme på prinsipp som er skildra i faglitteraturen, etc.).</p> <p>Arbeidsinnsatsen er normert til 20 timer i veka frå byrjinga av semesteret fram til eksamen, også i forelesingsfrie veker. Desse timane skal brukast på forelesingar, labøvingar, lesing av faglitteratur, lekser, skriving av obligatorisk oppgåve og heimeeksamen, og innhenting av relevant materiale på bibliotek og nett (bøker, artikler, video).</p> <p>Ein forventar at tida i undervisningsfrie veker vert brukt til koding, lesing og skriving.</p> <p>Studentane kan bli inviterte til relevante gjesteforelesingar og arrangement i regi av Digital kultur.</p> <p><i>Om det melder seg færre enn fem studentar til emnet, kan instituttet innføre redusert undervisning, jamfør instituttets retningslinjer for dette på Mitt UiB. I såfall vil studentane få informasjon om det før</i></p>

	<i>semesterregistreringsfristen 1. september.</i>
Obligatoriske arbeidskrav	<p>Det er <b>obligatorisk oppmøte</b> for alt undervisninga femnar om. Kursdeltakinga blir godkjend av emneansvarleg. Om fråværet overstig 25% for forelesningane og/eller øvingane må studenten vise fram legeattest for dagane med fråvær. Studenten kan ikkje få sluttcharakter utan å ha oppfylt dette kravet.</p> <p><del>Studenten må levere ei oppgåve på omlag 400 ord om eit gitt tema til ei fastsett tid tidleg i semesteret. I tillegg til dette skal studentane lage ein sjølvkoda nettstad, og analysere ein nettstad.</del></p> <p><del>Det er obligatorisk rettleiing på den sjølvkoda nettstaden og på gruppeprosjektet (sjå under Vurderingsformer). Rettleiinga kan ha form av presentasjon med kommentarar i plenum eller i grupper. Emneansvarleg godkjenner.</del></p> <p>Studenten må levere ein nettstedsanalyse på omlag 2000 ord. Tema og innleveringsdato for denne vert oppgitt ved semesterstart. Studenten er forplikta til å kommentere nokre andre studentar sine analysar (fagfellevurdering). Emneansvarleg godkjenner.</p> <p>Studenten må delta i eit gruppearbeid. Tema og gruppесаманsetjing vert fastlagt i løpet av semesteret. Emneansvarleg godkjenner. Innsikt frå dette gruppearbeidet skal inngå i semesterrapporten (sjå Vurderingsformer).</p> <p>Godkjenninga av dei obligatoriske delane er berre gyldig i undervisningssemesteret.</p> <p>Oppgåvene må godkjennast av emneansvarleg før studenten kan ta eksamen. Oppgåvene må følgje akademisk standard for bl.a. argumentasjon, sitering og illustrering (jf. introduksjonskurset). Studenten får resultatet og ein kort kommentar på oppgåva kort tid etter innlevering. Om oppgåva ikkje er godkjend, har studenten eitt forsøk til.</p> <p>Oppgåvestillinga og innleveringsfristen er klare og nedlastbare frå Mitt UiB før semesterstart.</p>
Vurderingsformer (dvs. Eksamens)	<p><del>To eksamensdelar med teoretiske og praktiske arbeid:</del></p> <ol style="list-style-type: none"> <li><del>1. ein omfattande nettstad laga som gruppearbeid (som veg 40% av endeleg karakter)</del></li> <li><del>2. ein individuell rapport om arbeidet med nettstaden (som veg 60% av endeleg karakter)</del></li> </ol>

	<p><b>Oppgåvestillingane og innleveringsfristane for eksamensdelane er klare og nedlastbare frå Mitt UiB før semesterstart.</b></p> <p>Mappe som inneholder tre delar:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Ein individuelt koda nettstad med vekt på design og formspråk, som viser mestring av HTML og CSS</li> <li>2. Ein individuelt koda nettstad med vekt på navigasjon, og informasjonsarkitektur, som viser mestring av tilrettelegging og formidling av informasjon til ulike brukergrupper og einingar</li> <li>3. Ein semesterrapport som speglar studenten sin innsikt i eigen framgang og val som er tekne både i kodinga og i gruppeoppgåva (sjå Obligatorisk undervisningsaktivitet)</li> </ol> <p>Det er obligatorisk rettleiing for dei første to delane i form av presentasjonar og kommentarar i plenum i forelesingstimane eller i labtimane. Det vert gitt éin karakter for heile mappa. Dei to kodingsoppgåvene har omlag same vekt. Rapporten har justerande funksjon.</p> <p>Studenten kan skrive på norsk eller engelsk.</p> <p><b>For gruppearbeidet vert det gitt éin felles karakter per gruppe, jfr. § 6.2.6 i Forskrift om opptak, studier, vurdering og grader ved Universitetet i Bergen. Studentane er sjølve ansvarlege for ei rettferdig arbeidsfordeling i gruppearbeidet.</b></p> <p>Alle eksamensdelane må takast i undervisningssemesteret. Det blir ikkje gitt eksamen i undervisningsfrie semester.</p>
Karakterskala	Karakterskala A-F. Ei forklaring av denne skalaen finn ein på Mitt UiB.
Læremiddelomtale	<p>Vi nyttar ei lærebok i HTML5 og CSS3 og eit par mer spesialiserte bøker om design, om teknologi og om informasjonsarkitektur. I tillegg kjem det utdrag av bøker som er nedlastbare på Mitt UiB. Vi forventar at studentane aktivt supplerer dette med kjelder dei sjølve finn fram til og held seg oppdatert ved å følgje med på designbloggar og -samlingar og generelt bruke nettressursar til eiga arbeid. Det vert gitt tips om slike kjelder i lista over fagstoff og på forelesingane.</p> <p>Alt materiale er i utgangspunktet på engelsk. Studentane kan i</p>

	<p>oppgåver bruke og vise til kjelder på andre språk.</p> <p>Lista over obligatorisk og tilrådd fagstoff, så langt dette er kjent på forhånd, er tilgjengeleg på Mitt UiB før semesterstart og vert oppdatert fortløpende etter behov. Bøkene vil vere tilgjengelege på Akademika før semesterstart, eller nedlastbare som ebøker.</p>
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Evaluering blir gjennomført i tråd med Universitetet i Bergen sitt kvalitetssikringssystem.
Kontaktinformasjon	Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium E-post: studierettleiar@lle.uib.no

### **UUI-sak 41/16: Møtedatoer for UUI våren 2017**

Møtedatoer for UUI våren 2017

6. februar

13. mars

10. april

22. mai

Det kan i forbindelse med HF2018 bli nødvendig med møter utenom de som er satt opp.

**Forslag til vedtak:**

UUI vedtar de foreslalte møtedatoene for våren 2017, med mulighet for å sette opp tilleggsmøter i forbindelse med HF2018.

### **DISKUSJONSSAKER:**

### **UUI-sak 42/16: Eventuelt**

24.11.2016

Pär Sandin  
*undervisningsleder*

Aleksander Morland  
*studieleder*